

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Referanser:
Dykker:
Vår: 22/785 - 22/12141

Saksbehandlar:
Jan Roald Wolff Treni
jan.roald.wolff.treni@alver.kommune.no

Dato:
10.02.2022

Vedkomande Va-rammeplan til vurdering - detaljregulering for Fossesjøen

VA-rammeplan Fossesjøen Bustadfelt

I forbindelse med detaljregulering for Fossesjøen bustadområdet og utarbeiding av VA-rammeplan. Etter gjennomgang av mottatt plan ser vi at denne har ein del manglar som må endrast før vi kan gi ein formell uttale.

Generelt

- Alver kommune sin VA-norm skal følgjast i detaljprosjekteringa.
- Det må synleggjerast tydeleg i plan kva som er tenkt overtatt av Alver kommune. Ein må enkelt kunne skilje offentleg/privat leidningsnett. Då det for eksempel er sjølvfallsleidning mot privat pumpestasjon og pumpeleidning som ligger i same trasé som hovudvassleidning.
- Kummar må ha eigen id. eks. Vk1, SP2, OK3, SF4.
- I forbindelse med NH-pakken Fv. 245 Fosse – Moldeklev, etablerast det Ø315 vassleidning, ikkje Ø400.
- Dimensjonerings grunnlaget må synleggjerast med personekvivalent (pe).
- I teknisk plan må det gjerast greie for om delar av felta må trykkreduserast.
- Kummar plasserast utanfor trafikkert areal. Eller leggjast utanom hjulspor, minimum 1,5 meter frå vegkant/asfalktant.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

Reguleringsføresegner

Tekst må endrast i Reguleringsføresegner (jf. plan- og bygningslova § 12-7):

§ 2.11 Rekkefølgje

3. Før det kan gjevast bruksløyve for bueiningar i felta BKS01-BKS10 og BBB01-BBB03 skal følgjande vera opparbeid:

e. VA-anlegg:

1. Det skal liggje føre sluttdokumentasjon som er godkjent av Alver kommune.
2. VA-anlegget til offentleg overtaking. Skal etter godkjent sluttdokumentasjon og tilhøyrande synfaring utan manglar. Overtakast av Alver kommune til eige, drift og vedlikehald.
3. For private VA-anlegg skal godkjent ferdigmelding liggje føre for kvart enkelt bygg som da søker bruksløyve eller ferdigattest for.

Vatn

- I forbindelse med ny Fv.245 vert det lagt VL Ø315 også til antatt plassering for kummar for planlagt tilkopling.
Den eksisterande vassleidninga Ø160mm må erstattast av en Ø315, ikkje Ø180.
- Området i dag er forsynt av ein Ø160 leidning som går i sjø frå Littlebergen til Flatøy og videre i sjø til Fosse. Denne leidningen har ikkje nok kapasitet. Omfang av planlagt utbygging må vurderast opp i mot den reelle kapasiteten på leidningsnettet. Det vil ikkje være tilstrekkeleg kapasitet på vassleidning før etablering av forsyningsleidningen i frå nye Hestdal VBA og fram til Fossekrysset.
- Forgreining/stikk på vassleidning skal utførast i kum.

- Private stikkleidningar skal koplast og merkast i kum, der kvart bygg skal ha eigen leidning med utvendig stoppekran

Spillvatn

- Anlegg for private pumpestasjonar. Dvs. Sjølvfallsleidning inn og pumpeleidning fram til trykkavlastningskum vert privat eigm.

Overvatn

- Det må utarbeidast eigne situasjonskart for nedbørssfelt. Eksisterande avrenningsmønster. Planlagde endringar, flaumsonar og flaumveger.
- Berekingar for overvatn gjerast med sikkerheitsnivå 1/200. (Gjenntaksintervall 200år).
- Overvatn med avrenning på veg. Må ha eit eige forutsigbart lukka system som kan vedlikehaldas og fange opp samt førar vatnet til område for avrenning, bekk eller sjø.
- I Fossevegen ligg det eit rør for overvatn med utløp til elv ved antatt plassering for tilkopling av VA.
- IFS-kummar med rist erfara ein at raskt går tett. I teknisk plan må da gjerast greie for om dette er eit system som vil fungere eller om ein må sjå på andre eller fleire alternativ for handtering av overvatn.
- Avrenning mot FV må truleg fangast opp og førast til sjø i rør under Fv. vegen. Dette må gjerast i dialog med Vestland fylkeskommune. Slik at en får tilrettelagt dette i samband med arbeidet med Fv.245 Fosse-Moldeklev.

Med helsing
Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen Jan Roald Wolff Treni
Avdelingsleiar Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Plan og byggesak Prosjektleiar Fv. 245 Fosse- Moldekleiv Sakshandsamar byggesak	Postboks 4	5906	FREKHAUG
--	------------	------	----------

Mottakarar:

Ard Arealplan AS	c/o Spaces Media City Lars Hilles gate 30 Postboks 7900	5008	BERGEN
Vestland fylkeskommune		5020	Bergen